

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Vatnar leirsted, Midt-Telemark kommune.

Du er mottakar av dette brevet fordi du anten er ein offentlig høyringspart eller grunneigar på eigedom i nærleiken av planområdet.

Med denne annonsen varslar Sweco at Vatnar kristne fellesskap startar opp med å utarbeide ein detaljreguleringsplan for Vatnar leirsted i Midt-Telemark kommune.

Avgrensinga av planområdet

Området ein skal regulere er i samsvar med kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark kommune 2021-2033, der området er sett av til fritidsbusetnad. Planområdet er vist i vedlagt kart. Detaljreguleringsplanen skal leggje til rette for å modernisering og framtidig utvikling av Vatnar . Eigedomen gnr./bnr. 14/6 er kjøpt av Vatnar kristne fellesskap til utviding av leirstaden. Eksisterande eigedom er gnr./bnr. 14/7. Desse to eigedomane, i tillegg til tilkomstvegen frå fv. 3330, er grunnlaget for planområdet. Ein ønskjer å byggje fleire små utleigehytter, samt ein fleirbrukshall. I tillegg ønskjer ein å byggje nokre av dei eksisterande bygg opp på nytt, med moderne standard. Drikkevatt har ein per i dag av eigen grunnvassbrønn, og avløpet blir reinsa i eige reinseanlegg. Desse anlegga vil framleis bestå, ein må ev. auke kapasiteten.

Ein vurderer at det ikkje er krav om konsekvensutgreiing, etter *Forskrift om konsekvensutredninger kap. 3*.

Ein varslar samstundes oppstart av tingingar kring utbyggingsavtale mellom tiltakshavar og Midt-Telemark kommune.

Kom gjerne med innspel

Har du meiningar eller tankar om reguleringsplanen så vil me gjerne vite om dei.

Frist for innspel er 08. august 2022.

Send innspelet ditt på e-post til: alexander.stettin@sweco.no

Eller per post til:

Sweco Norge AS, ved Alexander Stettin
 Vekanvegen 10
 3840 Seljord

Dersom du har spørsmål om planarbeidet kan du kontakte prosjektleiar Alexander Stettin på e-posten ovanfor eller på telefon 416 90 212.

Dette oppstartsvarselet er sendt ut i samsvar med Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova) §12-8.

Med venleg helsing
 Alexander Stettin, senior rådgjevar plan og landskap